

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Høgtidsmat ved familefester Bygdelag: Dalebygda

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal i Hamre

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter det folk har fortalt,- noko av det eg minnest.

SVAR

1. Det både har vori og er vanleg skikk. På Mundal er det lo gardbruk. Det er vanleg at alle dei møter opp med ei sending (gåve). Likevel ikkje første dagane etter fødselen, men i nærmeste tid. Utanom grannekoner møter så slekt og vener opp etter tid og høve. Før skulde dei alltid møta opp medan mora heldt senga. Det var sjeldan dei avtala lag.
2. Nei, dette var ikkje vanleg, og i gamal tid var rjomegraut den vanlege barnsengmat. (Sengekonemat) No er gåvene ymse. Det kan vera rjomegraut, barneklede, eller klede til mora, tebrødkringler, blautekaker o.m.
3. Ingen fast dag. No ventar dei helst ei veke.
4. Ein gong.
5. Ymse. Sjå sp. 3.
6. Ikkje aktuelt her.
7. I gamal tid brukte dei grautambar. Ambarane var roede-måla med ymse fargar. Blått var mykje mykje brukt. Seinare vart det nytta porselensskål eller spann. Var vegen stutt vart det nytta porselensskål, var vegen lang var det meire praktisk å nytta spann. Såleis er det enno.
8. Rjomegraut har i lang tid vori så ålmen at det er blitt til at alle gåver vert kalla "graut" i skjemt-sam tyding. Skal ei kone gjeste grannekona i eit slikt høve, seier ho gjerne: "Eg skal med graut", sjølv om det er eit kledeplagg ho ber fram. Ordtak som: "Ho er komen i grauten" tyder at kona har fått eit barn. I same mon vert også sagt og brukt ordet sengekone-mat om alle slag gåver som står i samband med fødselsgåve.
9. Rjomegraut har i lang tid vori så ålmen at det er blitt til at alle gåver vert kalla "graut" i skjemt-sam tyding. Skal ei kone gjeste grannekona i eit slikt høve, seier ho gjerne: "Eg skal med graut", sjølv om det er eit kledeplagg ho ber fram. Ordtak som: "Ho er komen i grauten" tyder at kona har fått eit barn. I same mon vert også sagt og brukt ordet sengekone-mat om alle slag gåver som står i samband med fødselsgåve.

- lo. Ho gjekk sjølv. Det er heilt ukjend at det vart send andre. Her undantek i når det var svært lange veglengder. Då kan det sendast ei gåve med folk som reiser på dei kantar.
11. Var det folk i ætta, og lengre vegar å gå eller når det var over sjøen dei måtte fara, så fylgde mannen med.
12. Sendingsfolket vart og vert alltid traktert. Det var og er ingen skilnad pågatxogx om det var gut eller gjente.
13. Namn ukjend.
14. Kom gjevarane på ei ulagleg tid for husfolket (at tilhøvet i huset på den tida var nlag slikat dei ikkje kunne taka imot) eller når gåva vart send, så vart desse gjevarane bedne til eit lite gjestebod når tilhøva endra seg, - eller når det høvde betre. Slike tilstellingar hadde ikkje sers namn.
15. Helst berre til gifte mødre. Det hende også at ein gjekk til ugifte mødre, men det var helst slekta.
16. Det første teikn til endring i grautskikken viser seg kring år 1900, då vert det nytta kringler og kaker kjøpt hos bakar, blomster kjem inn i biletet år 1920-30, sotsuppe ikkje nytta.
17. Når det var graut eller annan mat som vart borene fram, så var det etla til mora. Det var sjeldan dei attåt hadde gåve til barnet, - i så fall var det kledevarer.
18. No er det helst gåve til barnet, og ikkje noko til mora. Det er helst ferdige klede eller noko å sy klede av. Sers sjeldan gårver til begge. Grauten er gått over til barnetøy.
19. Dåpsdagen bad ein inn slekt, vene og grannar. Dei møtte alle i heimen før kyrkjeferda og fekk frukost. Dei som hadde lengst veg, møtte laurdagskvelden. Så bar det til kyrkje. Heimattkomne fekk dei middag, helst ein kjøtrett, seinare kaffi, og ofte også fekk dei innbedne kveldsmat før dei skildest. Laurdagskvelden var kveldsmaten fersk eller nysalta (nysprengd) fisk, flatbrød, smør og dravle, poteter. Sundagskvelden var det risengryngraut (grynagraut) til kvelds.
20. Ja. Det heiter framleis barsel i bygda. No brukar sume barnedåp.
21. I eldre tid hadde folk med seg sending til alle samankomer som brudlaup, gravferd og barsel. I barsel "stomasvøypa" som var ei sers slag småbrød.

Det var lite papir i den tida. Dei svøypte stompen inn i eit rosete klede. Av det namnet stompasvøypa.

22. Det var skikken å gjeva barnet ei dåpsgåve. Den var helst pengar, som dei la under puten til barnet. Dei som var fadrar gav mest, og ho som bar barnet ~~med~~ til dåpen, gav som regel største gåva. Det var ikkje fastsett nokon viss sum eller viss storleik av denne faddragåva.
23. No er det ikkje sending. No er berre nokre menneske med i kvar barnedåp, helst nærmeste slekta. Det skikk å gjeva dåpsbarnet ei gåve: sølvskrei, sølvkopp, men helst pengar. Ingen fast regel for kva som skal gjevast. No ber mora helst barhet sjølv.

B. Fødselsdag.

24. a) Nei.
b) Nei.
25. Før vart det i det heile ikkje haldi fødsdagsgilde. No kan det henda at fødselsdagen vert minna ved eit mindre gilde innan familien. Ved runde tal plar det haldast fødselsdag i litt større mål.
26. Til årmålsdagen ved runde tal møter helst bedne gjester. Det tek til å bli meir og meir ålement at ubedne gjester møter opp for å helsa og ynskja tillukke. ~~Å~~ senda telegram er mykje brukt.
27. Det skikk å gjeva gåver. Dette vert brukt av bedne og ubedne gjester. Dei ubedne møter ofte opp for å bera fram gåver frå lag o.l.
28. Nei dette er ikkje høyrt eller spurt.
29. I dei vaksne sitt gilde vert det både middag og sjokolade, kringle og blautkake. For barn sjokolade, kringle, og blautkake med lys.

C. Konfirmasjon.

30. I eldre tider vart det ikkje haldi gilde konfirmasjonsdagen. Det kunne henda at nærmeste slekta (sysken) samlast i heimen etter kyrkjeferda. Men det var ~~ikkje~~ noko omfram tilstelling.
31. No vert det haldi konfirmasjonssekskap. Det kom i bruk i mellomkrigstida (ca. 1930) og har til no auka på, så tilstellinga somme gonger er i meste laget, _ etter mitt skjønn.
32. Ein plar beda familien, og dersom konfirmanten har barndomsvenner (veninner) så blir desse bedne.

Det er ikkje ålment å beda lærar og prest.

33. Nei.
 34. Ja. Gåver vert gjevne både av gjester, — og også andre som vil gleda konfirmanten.
 35. ~~Nei.~~

Kva gåver far, mor, nær slekt og gode vene gav konfirmanten i gamle dagar veit ein lite om. Kring 1910 tok ein så smått til å senda konfirmasjonskort. Det vart til sist til ein flaum av kort. Etter 1945 brukar ein noko telegram, men dette er enno i mindre stil.

D. Bryllaup.

36. Når brudgomen første gong gjesta heimen til ho som brur skulle verta, vart det haldi eit lite gilde som her i bygda vart kalla "belarbrak".
37. Til dette gilde vart ikkje bedne gjester. Det var gjestebodet for han som brudgom skulle verta. Då baud ein på den beste mat huset kunne gjeva.
38. No vert det haldi forlovingsselkap.
- Brudlaupsaftan: 1 mål var regelen.
Fisk, poteter, flatbrød, smør, øl.
 - Brudlaupsdagen.
Frukost: Kaffi og brød, dravle (rauddravle)
Middag: Kjøtrett, dram og heimebryggja øl.
Kaffimåltid.
Kveldsamat: Rjomegraut, spekekjøt, flatbrød, kringler, dram og øl.
 - Andredagen: Frukost: Kaffimat.
Middag: Fisk og poteter rauddravle eller grynaugraut.
Kaffimat.
Kveldsamat: Raudkøkt risengrynsgraut, ~~gjestene fekk heimatt med~~ ofte kalla jagesupa, for no var gildet slutt.
Gjestene fekk ofte med seg heimatt smakebitar av brudlaups-kosten. Desse smakebitane kallast "fjor".
 - Kjøtrett, fiskerett, ~~drav~~ rauddravle, rjomegraut og grynaugraut, heimebrugga øl og dram.
 - Annandag skulle brur og brudgom bera mat på bordet til dei andre. Nykona skulle syna kva ho dugde til som matmor. Lag for hjeparane ukjend.
39. Sendingane omfata: rauddravle, rjome og somme tider spekekjøt. Det vart også teki med sendingsbrød i ei stompasvøypa. Sendingsbrød var kjøpt brød og likna på julebrød i våre dagar.

Det var ikkje fast regel for ~~kva~~ kor mykje kvar skulle senda, men rjome og rauddravle var faste sendingar. Rauddravlen var i rosemåla ambar. Ein ambar tok frå 4-6 liter.

40. Smøret vart forma i smørrambaren. Dei forma smørstykka vart sett på treboskar. Noko smør vart sett på bordet i smørstett eller i smørøskje. Gildaste var det at det var så mange smørrambarar at det vart nok til alle borda. Vart det forlite smørrambarar, brukte dei smørboskar, og vart det for lite av det og, måtte smørstetten og smørøskja til. ~~Ørst~~ Smørstetten tok omlag $\frac{1}{4}$ kg, og var på skap som eldre sukkerskåler. med stett under.
41. Ukjend av nolevande. Har lesi om at det var slik på Osterøya for 200 år sidan.
42. Har ikkje høyrt namn på sendingane.
43. Gjestene tok det med seg. Dei kvinnelege gjestene bar det fram ^{til} matmora i gildet.
44. Sjå 43.
45. Smakebiten vart send heimatt med gjestene etter gildet. Smakebiten vart kalla "tjor."
46. Matmødrene stod for matstillet i brudlaupet. Ei av desse kalfst jamnast matmora. Ho hadde ansvaret for at maten kom på bordet i rett tid. Nykona og begge svigermødrene sytte for heimatt-sendinga.
47. To-dagarsbryllaup er mest ålment idag.
48. Sjeldan.
49. Sjeldan.
50. Dei får gåver av ~~slekt~~ og vene. Desse ^{slekt} gåver vert sende til heimen deira.
51. Helst berre ved sølvbryllaup og andre runde tal.

E. Gravøl.

52. Slekt, grannar og vene. vart bedne. Ein av slekta gjekk rundt og bad folket. I sers høve kunne ein av grannane eller venene til avdøde beda bodet fram.
53. I sers store gravøl vart det haldi aftan, gravølsdag og andredag. Både mat og drykk var mykje det same som i bryllaup. (Sjå framfor.)
54. Om måltid viser eg til det som er sagt om bryllaup. Det var og vert nytta langbord. Gjestene sat.
55. Nei.

56. Nei.
57. Hos ein granne som hadde stor stove.
58. Gjestene hadde sending med seg, som regel.
59. Som ved brudlaup. Sjå framfor.
60. Ukjend. Neppe sannsynleg.
61. Ukjend.
62. Det vart eit brått skifte med ein gong. Skiftet kom i tida 1914-18. Då vart det slutt på sendinga, og det vart 1-dags gravøl. Det vart frukost, middag og kvelds. Etter 1940 er det middag og kaffi når det er eldre folk. Etter yngre folk smørbrød, kaffi og sjokolade, - altså 1 måltid. Folk hadde i lengre tid tala om at det burde bli enklare gravøl. Matknipa under krigen skunda på utviklinga.
63. Øl og andre alkoholdrykker lite brukt etter år 1900 og var ikke ikkje ei fylgje av minkande bryggjing.
64. Heimebryggjing og sending slutta først ved gravøl, seinast ved brudlaup.
65. Sjå 62.
66. Nei.
67. Nei.
68. Dette vert framleis berre nytta til slike som bur langt borte, - og då i vanleg brevform. Elles er personleg beding ved ein av slekta det ålmenne.
69. I mellomkrigstida 1920-30.

D. Nye festar.

70. Nei.
71. Morsdagen vert no høgtida i dei fleste heimar. Det første tilfelle eg veit om var i 1920 åra, men ålmement vart det ca. 1930.
72. Svært lite.
73. Til morsdagen: blautkake og kringler.
Til farsdagen: som til morsdagen.
74. Ein brukar helst heimebaking. Opplysingar, tilskuningar og påtrykk utanfrå har lite å seia.
75. Morsdagen: Gjennom "Bergens Tidende" i 1919.
Farsdagen: Høyrt det i folkesnakk.